



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
ASKEDALEN 2  
6863 LEIKANGER

**Sakshandsamar:**

Håkon Myrvang

**Telefon:**

57816118

**Vår ref.**

HÅMY/15/619-57/K2-U20

**Dykkar ref.**

**Dato:**

03.05.2019

## Framlegg til oppretting av mineralråd - mandat, organisering og ressursar

Naustdal og Askvoll kommune har fått utarbeidd og vedteke Mineralstrategi som skal bidra til innsats mot næringsliv, kommunar, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, næringslivsorganisasjonar, FoU- og utdanningsinstitusjonar og statlege organ. Strategien vart vedteke våren 2018. Mineralstrategien har som målsetting å stimulere til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og berekraftig utvikling knytt til mineralutvinning. Det er venta konsesjonshansaming i løpet av 2019 for mineralutvinning.

Fylkesutvalet vedtok i 2018 (sak 23/18) å støtte opp om måla som Naustdal og Askvoll kommune har vedteke. Fylkesutvalet vedtok i 2019 sak 35/19 å skipe mineralrådet. Naustdal og Askvoll kommune ber no om at mineralråd vert konsituert og etablert så snart som mogeleg. Vi har laga eit utkast til målsettingar, mandat, organisering, oppnemning og utviklingsprogram som ligg ved saka.

Kommunane og Fylkeskommunen har gjennom vedtak tilbake i mai 2011 (plan og næring, sak 35/11) ambisjon om å realisere arbeid med innovasjon og næringsarbeid frå oppstartstidspunkt av mineralutvinning i Naustdal.

Vertskommunane oppmodar Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å følgje opp tidlegare vedtak gjennom å løyve MNOK 1,5 i 2019 til viktige tiltak i mineralstrategien og vurdere mogeleg vidareføring etter 2019. Løyvinga vil gå til prosjektersursar for oppfølging av mineralstrategien, etablering og drift av eit mineralrådet. Vedlegget skissert korleis dette kan gjennomførast.

Med helsing

Håkon Myrvang  
Ordførar

Ole André Klausen  
Ordførar



<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>
03.05.2019	20100503 Oppfølging av tiltak mineralstrategi for Naustdal og Askvoll kommune

<b>Dok.ID</b>
104087

**Kopi til:**

Jan Heggheim  
Jenny Ellaug Følli  
(Jenny.Ellaug.Folling@sf  
j.no)



# Naustdal og Askvoll kommune

●ppfølging av strategiske  
tiltak i mineralstrategi

3. mai 2019



-rom for eventyr i



-med kultur for utvikling





# Innehald

- 1** Innleiing
- 2** Innhald og formålet med dokumentet
- 3** Resultatmål, prosessmål, effektmål
- 4** Oversikt over samla kostnader 2019-2024
- 5** Nærare om kostnad og tiltak pr strategiområde



# Innleiing



Ole Andre Klausen  
Ordfører  
Askvoll kommune



Håkon Myrvang  
Ordfører  
Naustdal kommune

Naustdal og Askvoll kommune har fått utarbeidd og vedteke ein eigen regional Mineralstrategi som skal bidra til ein koordinert innsats mot næringsliv, kommunar, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, næringslivsorganisasjonar, FoU- og utdanningsinstitusjonar og statege organ. Strategien vart vedteke våren 2018. Mineralstrategien har som målsetting å stimulere til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og berekraftig utvikling knytt til mineralutvinning, i fyrste omgang Engebøprosjektet.

Fylkesutvalet vedtok i 2018 (sak 23/18) måla som Naustdal og Askvoll kommune har vedteke. Fylkeskommunen vedtok i 2019 (sak 35/19) å støtta opp om initiativet frå Naustdal og Askvoll med skiping av mineralråd. Fylkeskommunen peikar på viktigeita av å bruke ein mineralstrategi og eit mineralråd, og støtter opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll. Kommunane og Fylkeskommunane har gjennom vedtak tilbake i mai 2011 (plan og næring, sak 35/11) ambisjon om å realisere arbeid med innovasjon og næringsarbeid frå oppstartstidspunkt av mineralutvinning i Naustdal.

Det er venta konsesjonshansaming i løpet av 2019, og i samband med dette tek no Naustdal og Askvoll kommune initiativ til at det vert etablert eit felles mineralråd. Dette rådet vert sentralt for å sikre målretta og koordinert arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter, samt ein positiv mineralretta næringsutvikling.

Vertskommunane oppmodar Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å følgje opp tidlegare vedtak gjennom å løyve MNOK 1,5 til gjennomføring av strategisk viktige tiltak i mineralstrategien. Løyvinga vil gå til prosjektkressursar for oppfølging av mineralstrategien, etablering og forvaltning av eit mineralråd, samt etablering av utviklingsprogram både for utdanning og aktuelle leverandørverksemdar.



# Innhald og formålet med dokumentet

Det er utarbeidd eit estimat på samla kostnader knytt til oppfølging av mineralstrategi 2019-2024 med størst fokus på kostnader i åra 2019-2020. Det er estimert kostnader innanfor fem av dei seks strategiområda i den vedtekte mineralstrategien. Samla infrastruktursatsing er ikkje teke med her.

Vertksommunane arbeider med å følgje opp konsesjonsfesting i driftskonsesjon, og den aktøren som får konsesjon på Engebøressursen vil gje eit årleg bidrag på MNOK 3,0 mill.

Ei målretta og naudsynt mineralretta næringsutvikling krev arbeid som fordrar at det offentlege også bidreg med tilsvarande finansiering som det private. Vertskommunane oppmodar Sogn og Fjordane Fylkeskommune til å løyve MNOK 1,5 i 2019. Det er naturleg at nye Vestland fylke følger opp med tilsvarande årlege bidrag.

Det vert jobba for ytterlegare offentleg finansiering slik at det offentlege matchar det private.



Framtidsretta mineralforvaltning



Mineralretta næringsutvikling



Mineralretta utdanning



Samla infrastruktursatsing



Berekrattig utvikling



Vidareforedling og handtering av restmasse



«Mineral er innsatsfaktor i nesten all vareproduksjon, og stabil tilgang er ein føresetnad for økonomisk vekst. For Noreg er det viktig å sikre størst mogeleg verdiskaping ut frå felles ressursar, balansert opp mot samfunnsansvar og miljømotsyn.

EU har vendt augene mot eigne ressursar fordi ein ønskjer ei større grad av sjølvforsyning av til eksempel metall og mineral. I dag forbrukar europearar langt meir metaller enn dei sjølv produserer. EU har utarbeidd råvarestrategi.»

Det vert etablert eit mineralråd med klart definerde resultat-, prosess- og effektmål som skal sikre målretta arbeid mot regionale og sentrale myndigheter.

<b>Resultat-mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for å realisere 500 nye arbeidsplassar innan 10 år, SINTEF rapport frå 2013</li> <li>• Arbeide for full elektrifisering av mineralnæringa innan 10 år</li> <li>• Realisere 100 studieplassar innan mineralnæringane</li> <li>• Gjennomføre ressurskartlegging av mineralressursar i alle kommunar i fylket</li> <li>• Arbeide for at alle restmassar, gråberg og overskotsressursar vert 100% nytta</li> </ul>
<b>Prosess-mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngå partnerskapsavtalar med andre regionar som tek til å utnytte mineralressursar</li> <li>• Etablere samarbeid med offentlege og private verksemdar</li> <li>• Etablere samarbeid med miljøorganisasjonar og næringslivet sine organisasjonar</li> <li>• Sikre rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa</li> </ul>
<b>Effektmål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere fylke som ein av dei viktigaste mineralregionane i EU</li> <li>• Betre omdømme til mineralnæringa og mineralutvinning</li> <li>• Sikre kompetanse og kvalifisert arbeidskraft</li> <li>• Påverka rammevilkår for effektiv og god utnytting av mineralressursar</li> </ul>





# Mineralråd – Mandat

«Etablere eit mineralråd som skal arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket. Mineralrådet vert etablert i Sogn og Fjordane, og kan vidareførast for heile nye Vestland fylke.

Mineralrådet har eit klart mandat knytt til alle strategiske område i den vedtekne mineralstrategien»

## Mineralrådet vert oppretta med følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
  - Framtidsretta mineralforvaltning
  - Mineralretta næringsutvikling
  - Mineralretta utdanning
  - Samla infrastruktursatsning
  - Berekraftig utvikling
  - Vidareforedling
  - Handtering av restmasse
  - Aktuelle mineralprosjekt
  - Konesjonsrundar
- Mineralrådet skal representere fylket i høve kontakt med næringsaktørar, styresmakter, mm.



## Mineralråd – Partnerskap

«Frå Naustdal kommune si side vil det være ynskjeleg å gå vidare med ein partnerskapsmodell der kommunen si satsing er ein del av eit regionalt program, og då linka til eit mineralråd.

Det bør setjast opp forventingar til korleis løyse ut ressursar til eit slikt program og ein slik eventuell partnerskap. Dette er ei naturleg oppfølging og detaljering av ambisjonane nedfelt i avtale om nærings- og samfunnsutvikling.»

### Mineralrådet si rolle i partnerskapet

- Etablere partnerskap med andre regionar
- Etablere kontakt med eksterne paratar, i og utanfor fylke
- Utarbeide mål for mineralråd og mineralverksømd
- Førebu politiske saker
- Utarbeide retningslinjer for ressursbruk og godkjenne prosjektrekneskap
- Profilere fylke og mineralnæringane
- Sikre rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa

### Kommunane si rolle i partnerskapet

- Etablering og gjennomføring av prosjekt
- Samarbeid med lokale og regionale næringsaktørar
- Tisette og ha ansvar for prosjektre ressursar
- Sekretariat for mineralrådet
- Førebu politiske saker
- Etablere rutinar for ressursforvaltning og ha partnerskapsrekneskap
- Etablere referansegrupper med konsesjonshaver og lokalt næringsliv for utarbeiding og oppfølging av prosjekter





# Mineralråd - Samansetting

«Mineralrådet må ha ei brei samansetting som bidreg til ein koordinert innsats mellom næringsliv, kommunar, fylkeskommune, verkemiddelapparat, næringslivsorganisasjonar, FoU- og utdanningsinstitusjonar og statlege organ»

## Mineralrådet si samansetting

- Fylkesordførar
- 1 medlem fra utval for næring- og kultur
- Ordførar i vertskommune
- 2 representantar frå utdanning/forskning
- 2 representantar frå næring (ein frå Norsk Bergindustri)
- 1 representant frå miljøorganisasjon
- Fylkesrådmann og rådmann i vertskommune har tale- og møterett i mineralrådet. Rådet bør etablerast for ein 4 års periode.



# Mineralråd - Reglement

«Mineralrådet sitt reglement regulerer heimel, val og samansetnad av rådet, mandat, samt sekretariatsfunksjon

Reglement for mineralrådet er utarbeidd i samsvar med tilsvarende reglement for Petroleumsrådet»

Fastsett av Fylkestinget i sak nr xx/xx.

## § 1 - Heimel

Mineralrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § xx.

## § 2 - Val og samansetnad

Fylkestinget vel medlemmene til utvalet. Mineralrådet kan ha inntil 8 medlemmer og vere samansett slik:

- Fylkesordførar
- 1 medlem fra utval for næring- og kultur
- Ordførar i vertskommune
- 2 representantar frå utdanning/forskning
- 2 representantar frå næring (ein frå Norsk Bergindustri)
- 1 representant frå miljøorganisasjon

Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Ordførar i vertskommunen er nesteiar. Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

## § 3 - Mandat

Mineralrådet skal ha følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnyting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
  - Framtidsretta mineralforvaltning
  - Mineralretta næringsutvikling
  - Mineralretta utdanning
  - Samla infrastruktursatsning
  - Berekraftig utvikling
  - Vidareforedling
  - Handtering av restmasse
  - Aktuelle mineralprosjekt
  - Konesjonsrunder
- Mineralrådet skal representere fylket i høve kontakt med næringsaktørar, styresmakter, mm.

## § 4 - Sekretariat m.v.

Fylkesrådmannen og rådmannen i vertskommune har møte- og talerett i Mineralrådet, jfr kommunelova § xx. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Vertskommunen har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utført på ein tilfredsstillande måte.

For rådet gjeld elles Reglement for sakshandsaming i politiske utval.






Vi oppmoder Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å løyve MNOK 1,5 i 2019. Det vert jobba for ytterlegare offentleg finansiering. Finansiering frå konsesjonshavar kjem i tillegg.

## Oversikt over samla kostnader til oppfølging av mineralstrategi i åra 2019-2024

Strategiområde	Delmål	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Framtidsretta mineralforvaltning	Prosjektstilling, drift av mineralråd	250	800	800	800	800	800
	Ressurskartlegging			200	200	200	200
	Leverandørprogram	250	250				
Mineralretta næringsutvikling	SMB program		550				
	Kvalifisering	250	250				
Mineralretta utdanning	Rekruttering / utdanning		150	200	200	200	200
Berekraftig utvikling	Miljøprogram, energi, dokumentasjon		150		500	500	500
	Restmassehandtering, ressursøkonomi		500	1000	500	500	500
	Prosessindustri – titanproduksjon		500	500	500	500	500
Vidareforedling og handtering av restmasse	Lokal avsetning av gråberg		150				
	<b>Samla kostnad</b>	<b>750</b>	<b>3300</b>	<b>2700</b>	<b>2700</b>	<b>2700</b>	<b>2200</b>









## Framtidsretta mineralforvaltning

Delmål	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Prosjektstilling, drift av mineralråd	250	800	800	800	800	800
Ressurskartlegging			200	200	200	200



# Prosjektstressurs mineralrådgjeving

«Opprette ei eigen prosjektstilling i for ein mineralrådgjevar som vert ansvarleg for oppfølging av tiltaka i mineralstrategien.

Stillinga vert oppretta i vertskommunen enten ved tilsetjing eller utlysing av engasjement»

## Mineralressurs sine ansvarsområder

- Drift av mineralråd/prosjektadministrasjon
- Hovudkontakt og koordinator av mineralnæringa i nye Vestland
- Ressurskartlegging i regionen
- Leverandørprogram i samarbeid med verkemiddelapparat (SU, IN)
- SMB program i samarbeid med verkemiddelapparat (SU, IN)
- Bidra til kvalifisering av lokale/regionale verksemder
- Rekruttering og utdanning
- Ressursøkonomi, massehandtering
- Prosessindustri
- Lokal avsetting av gråberg
- Identifisering av samarbeidspartnarar og medfinansiorar





## Mineralretta næringsutvikling

Delmål	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Leverandørprogram	250	250				
SMB program		550				
Kvalifisering	250	250				



## Leverandørprogram, SMB program og kvalifisering

«Det er behov for å fortsette arbeidet som Sunnfjord Utvikling har gjennomført for å bidra til førebuing og kvalifisering av lokale næringsaktører som er aktuelle leverandører / underleverandører til mineralnæringa»

### Leverandørprogram

- Informasjon om behov
- Fokus på samarbeid, felleseide selskap, sertifisering, finansiering, utviklingskontraktar
- Identifisere og arbeide for regionale og nasjonale forskingsmidlar
- Etablere ein arena for dialog og informasjonsutveksling knytt til utvikling av mineralnæringa

### SMB program og kvalifisering

- Køyre knoppskytingsprogram (spin off frå eksisterande verksemdar).
- Tilby utviklingsprogram (SMB-Utvikling) for etablerte verksemdar (strategisk analyse, definere mål og delmål, gjennomføre)
- Deltaking og synergjar knytt til Mineralklynge Norge
- Bidra til at mineralnæringa skal samhandle best mogleg med andre næringar





## Mineralretta utdanning

<b>Delmål</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
<b>Rekruttering / utdanning</b>		<b>150</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>200</b>



# Rekruttering og utdanning

«Det er heilt avgjerande å sikre at undervisningsinstitusjonar i regionen og i fylke har relevante studietilbod både innan vidaregåande og høgare utdanning.»

## Rekruttering og utdanningstilbod

- Utvikle utdanningstilbod for å styrke rekruttering og kompetanse i mineral- og leverandørnæringa. Omfattar vidaregåande og bachelor-utdanningar innan bergteknikk / geologi / ressursgeologi
- Arbeide for å styrke og øke rekrutteringa til høgare utdanning innan bergverksrelaterte studietilbod.
- Legge til rette for samarbeid og utveksling mellom undervisningsinstitusjonar og verksemdar, samt mellom verksemdar.
- Styrke kunnskapen omkring mineralnæringa innan relevant offentlig forvaltning i heile regionen







Berekraftig utvikling

Delmål	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Miljøprogram, energi, dokumentasjon		150		500	500	



# Miljøprogram

«Berekraft inneber at mineralnæringa, på same måte som andre næringar, må være både bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam og ivaretek miljøomsyn.»

## Miljøprogram, energi, dokumentasjon

- Stille rettmessige krav ovanfor tiltakshavar knytt til restmasse-handtering, produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.
- Etablere miljøoppfølgingsprogram med deltaking frå myndigheiter, miljøorganisasjonar og andre kompetansemiljø. Følgje opp relevante rettsgrunnlag (reguleringsplan, føresegner, konsesjon og utsleppsløyve)
- Sikre at det vert etablert istandsettingsfond, sikre konkrete og rettmessige vilkår.
- Sikre god dialog og samhandling med relevante miljøorganisasjonar.
- Ta initiativ til at det vert gjennomført relevante leverandørutviklingsprogram som miljøsertifisering.
- Arbeide for full elektrifisering av mineralnæringa og null CO2-utslepp innan 10 år







Vidareforedling og håndtering av  
restmasse

Delmål	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Restmassehandtering, ressursøkonomi		500	1000	500	500	500
Prosessindustri – titanproduksjon		500	500	500	500	500
Lokal avsetning av gråberg		150				



## Vidareforedling og handtering av restmasse

«Offentlege instansar må leggje til rette for at ressursuttaket av ei ikkje-fornybar ressurs vert gjort med kontinuerleg fokus på forbetring av produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.»

Norge har svært store ressursar av titan og Titanias gruve i Hauge i Dalane står for 6 % av verdens produksjon. Et nytt titanprosjekt på Engerbøfjellet i Førdefjorden kan med tiden øke Norges betydning som titanprodusent ytterligere\* .»

### Sentrale tiltak

- Bidra til ei utnytting av restmasse med størst mogleg verdiskaping og bærekraft
- Synleggjere moglegheiter for utnytting av restmasse
- Sikre at rammevilkår gir dei rette incentiv for minimering av restmasse
- Førøbu og ta initiativ til relevante forskings- og utviklingsprosjekt, mellom anna definere prosjekt, søke midlar, mobilisere.
- Rettmessige krav ovanfor tiltakshavar knytt til restmasse-handtering, produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.
- Arbeide med å etablere prossessanlegg lokalt for Titan og finne alternative prossessar for framstilling av metallet





## Relevante referansar

«Oppfølginga av mineralstrategien og innhaldet i denne søknaden er i samsvar med aktuelle gjeldande strategiar i både EU og Norge.

Klikkbare referanselinker

1. [EU mineralstrategi](#):
2. [Norsk Mineralstrategi](#)
3. [Mineralstrategi for Askvoll og Naustdal kommune](#)
4. [Nordnorsk mineralstrategi](#)
5. [Norges Geologiske Undersøkelse, temahefte januar 2019](#)
6. [SINTEF-rapport 1504-9795 fra 2013](#)





**Askvoll**  
KOMMUNE

-rom for eventyr!

**Naustdal kommune**  
- med kultur for utvikling

